



Vestland fylkeskommune
Kulturav
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7731 - 21/84288

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
13.12.2021

Søknad om ny festetomt til utfale - gbnr 445/1/54 Manger nedre

Tiltak: Søknad om oppretting av ny festetomt
Byggjestad: Eriksholmen gbnr 445/1/54
Tiltakshavar: Alver kommune

Saka gjeld søknad om oppretting av framfestetomt frå gbnr 445/1/54 Manger nedre. Det er Alver kommune som er søkjar. Arild Valdernesnes har spurt kommunen om å få festa Eriksholmen som ligg i Nesvatnet på Manger. Han oppgjev at holmen skal nyttast til beite for geit.

Søknaden er ikkje nabovarsla då det ikkje er direkte tilgrensande naboar.

Aktuelt areal er klassifisert som innmarksbeite i NIBIO sitt markslagskart.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til LNF formål i kommunedelplan (KDP) for Radøy.

VURDERING

Kommunen vurderer at omsøkt oppretting av festetomt er i samsvar med arealformålet i KDP. Holmen har tidlegare vore beita av ein annan grunneigar sine dyr. Dei siste åra har det ikkje vore beitedyr på holmen. Kommunen ser det derfor som positivt at holmen igjen vert beita.

Det er gjort funn av kulturminne på holmen og det er mellom anna spor etter ein husmannsplass. Kulturminna er ikkje særskilt nemnde i kulturminneplanen i Radøy, men går inn under kategori C i planen.

Sidan det er registrert kulturminne på arealet vel kommunen å sende saka på høyring til Vestland fylkeskommune, kulturav, før avgjerd om delingsløyve etter plan- og bygningslova vert teke.



Figur 1 Oversiktskart.



Figur 2 Ortofoto 2020

Sjå vedlagt søknad om oppretting av festetomt datert 02.09.2021.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg Eriksholmen gbnr 445_1_54
Fullmakt bortfeste OVF
Søknad om ny festegrunn - gbnr 445/1 Manger nedre

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN